



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Nina Vadøy, 5557 2316

Vår dato  
12.03.2018  
Dykkar dato  
11.10.2017

Vår referanse  
2018/2886  
Dykkar referanse  
Marius Knudsen

Meland kommune  
Postboks 79  
5906 Frekhaug

Sendt på e-post til: [marius.knudsen@meland.kommune.no](mailto:marius.knudsen@meland.kommune.no)

### Tilbakemelding om disponering av massar frå Mjåtveittjørna

Vi viser til e-post 11. oktober 2017 med spørsmål om disponering av massar frå Mjåtveittjørna i Meland kommune.

#### Bakgrunn

Meland kommune ønsker å fjerne sediment frå Mjåtveittjørna. NIVA har gjennomført prøvetaking for å avklare korleis sedimenta kan disponerast. NIVA har i notat 5. oktober 2017 om analyse av miljøgifter i Mjåtveittjørna følgjande konklusjon:

*«Etter gjeldende grenseverdier i Vannforskriften vurderes økologisk tilstand til å være i Dårlig tilstand (klasse IV).*

*I forhold til Helsebaserte tilstandsklasser for forurenset grunn vurderes sedimentene ikke som farlig avfall.»*

#### Regelverk for handtering av massar

Massar som blir fjerna frå Mjåtveittjørna er avfall etter forureiningslova § 27. Den som produserer næringsavfall skal sørge for at avfallet blir levert til lovleg avfallsanlegg eller gjennomgår gjenvinning slik at det kjem til nytte ved å erstatte andre material, jf. forureiningslova § 32.

Avfallet kan ikkje gå til nyttig føremål dersom det fører til fare for forureining, jf. forureiningslova § 7. For å vurdere om massar er eigna til nyttig bruk må innhald av forureining vere kjent. Ved nyttig bruk på land er normverdien (jf. forureiningsforskrifta kapittel 2) eit godt utgangspunkt for å vurdere fare for forureining. Helsebaserte tilstandsklassar for forureina grunn kan ikkje brukast til å vurdere om nyttig bruk fører til fare for forureining. Sjå nettsida til Miljødirektoratet:

<http://www.miljodirektoratet.no/no/Nyheter/Nyheter/2015/November-2015/Veileder-for-forurenset-grunn-brukes-feil/>.

Lovleg avfallsanlegg for massar som inneheld forureining vil i dei fleste tilfelle vere eit deponi med løyve etter forureiningslova. Avfall til deponi skal basiskarakteriserast, jf. avfallsforskrifta kapittel 9, vedlegg 2. Basiskarakteriseringa skal omtale alle eigenskapane til

avfallet, inkludert om avfallet er rekna som farleg avfall. Den skal også brukast for å vurdere kva type deponi avfallet kan leverast til.

Avfall som er rekna som farleg avfall skal deklarerast, og kan berre leverast til anlegg som har løyve til å ta imot farleg avfall.

### **Regelverk for forureining frå mellombels anleggsarbeid**

I samband med anleggsarbeid kan det oppstå forureining. I forureiningslova § 8 er vanleg forureining frå mellombels anleggsarbeid lovleg. Det vert rekna som vanleg forureining når konsekvensane er reversible og tar slutt når anleggsfasen er over. Eksempel på forureining som ikkje vert rekna som vanleg er utslepp av stoff som fører til uvanleg skade, utslepp der viktige verdiar i vassdrag blir øydelagde eller forureining som ein enkelt kan unngå.

Mellombels anleggsarbeid som fører til meir enn vanleg forureining må ha løyve frå Fylkesmannen etter § 11 i forureiningslova. For å vurdere om det er trengs løyve må den ansvarlege mellom anna lage miljørisikovurdering for anleggsarbeidet.

### **Fylkesmannen si vurdering**

Analyseresultata frå Mjåtveittjørna viser at fleire parametrar er vesentleg høgare enn normverdien. Det gjeld mellom anna arsen, bly, kadmium, kopar, sink, fritt cyanid,  $\Sigma$  PCB 7 og PAH. Massane kan derfor ikkje brukast utanfor lovleg avfallsanlegg utan fare for forureining, men må leverast til lovleg avfallsanlegg. For desse massane reknar vi med at deponi er mest aktuelt. Før levering til deponi må avfallet basiskarakteriserast, jf. avfallsforskrifta kapittel 9, vedlegg 2. Ein del av basiskarakteriseringa er klassifisering av avfallet. Det vil seie å bestemme om avfallet er farleg eller ikkje.

Analyseresultata frå Mjåtveittjørna viser at sedimenta er forureina. Det vil derfor vere fare for forureining ved anleggsarbeidet, og Fylkesmannen må vurdere om det trengs løyve etter forureiningslova § 11. Når det er laga ein plan for korleis anleggsarbeidet skal gjennomførast, inkludert miljørisikovurdering, må den ansvarlege sende dette til Fylkesmannen. Vi vil då ta stilling til om anleggsarbeidet treng særskilt løyve etter § 11 i forureiningslova. På nettsida til Fylkesmannen i Oslo og Akershus er det nyttig informasjon om når mellombels anleggsarbeid treng løyve, sjå <https://www.fylkesmannen.no/Oslo-og-Akershus/Miljo-og-klima/Forurensning/Tema-fra-A-A/Midlertidig-anleggsarbeid/>

Med helsing

Astrid Holte  
senioringeniør

Hallvard Hageberg  
senioringeniør

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*